

Nils Geir Seim
Hønsedalen 19
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3319 - 21/35628

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
28.05.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 172/163 Hopland


Tiltak: Utvidelse av altan
Byggjestad: Gbnr: 172/163
Tiltakshavar: Nils Geir Seim
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.04.2021, om oppføring av terrasse. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av kommunedelplanen for Lindås der området er avsett til byggeområde for bustadar.

Situasjonsplan og plankart



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tilbakemelding om det ligg føre nabomerknader. Søknaden er send inn før nabofristen er ute, det må derfor gjevast tilbakemelding på om naboar har hatt merknader til søknaden, før vi behandlar den.
2. Avstand til nabogrense til gbnr 172/94 må førast på situasjonsplanen . Dersom avstanden er mindre enn 4 meter må det liggja føre samtykke frå nabo eller søkjast om dispensasjon frå avstandsreglane i plan- og bygningslova (pbl) § 29-4, før kommunen kan godkjenna tiltaket.
3. Dispensasjon frå byggegrensar langs kommunal veg som er 15 meter frå midt veg og fylkesveg som er 50 meter frå midt veg. Tiltaket er plassert i strid med både byggegrensa langs kommunevegen og fylkesveg 5472.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg. Søknaden vert send over til avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avløp for behandling.

Det må søkjast om dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg. Søknadsskjema og informasjon om korleis du søkjer finn du her: <https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-dispensasjon-fra-byggegrenser>. Det er Vestland fylkeskommune som behandlar søknaden.

4. Tiltaket har eit samla bruksareal som er oppgitt til 430 m². Dette er større enn 400 m² som kommunedelplanen for Lindås opnar for. Tiltaket krev derfor at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå utnyttingsgrada gitt ved samla bruksareal. Søknaden skal grunnjevast.
5. Delar av tiltaket vil liggja innanfor aktsomhetsområde utløyingsområde snøskred (sone med raud skravur,). Omsøkte tiltak vil krevja at det vert utført ei konkret vurdering av om tiltaket vil påverka naturfaren.
6. Terrassen har eit bygd areal oppgitt til 62 m² og eit bruksareal oppgitt til 60 m². Tiltaket stettar ikkje krav til søknad utan ansvar, og krev at det vert nytta ansvarlege føretak i alle funksjonar, eller at du søkjer om ansvar som sjølvbyggjar på eigen bustad.

Vi tilrår at du sender inn revidert søknad der tiltaket sin storleik vert redusert til under 50 m² bruksareal eller bygd areal, og der samla bruksareal vert redusert til maksimum 400 m² i samsvar med kommunedelplanen sine føresegner.

Vi gjer elles merksam på at det vert fakturert eit saksbehandlingsgebyr på kr 17 000,- ved søknad om dispensasjon frå plan/pbl. Det vert ikkje fakturert gebyr for søknadar om dispensasjon frå byggegrensa langs offentleg veg.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan **15.07.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

